Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss

Emne: Helsing, gester og åtferd

Bygdelag: Reppen, Bordalen.

Oppskr. av: Olav Rognabakke

Gard: Tilland.

(adresse): Reppen

G.nr. 72 Br.nr. 4-5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, vert uttrykt med ein nikk med hovudet. Nei med å rista på hovudet.

2. Heime på Bordalen der eg er oppvaksen, var det i min ungdom vanleg å helsa på alle ein møtte anten ein kjende dei eller ikkje. Her eg no bur, i Reppen, er ferdsla så stor. Det fer så mykje ukjent folk etter vegen at ein her har vorte og av med å helsa på ukjende. Eg har inntrykk av at det går i den lei på Bordalen og etterkvart som ferdsla aukar. Det er nok helst berre dei gamle som helser på alle dei møter.

3. Den framande som kom til gards, skulle helsa fyrst. Den som kom til ein arbeidsplass, skulle helsa fyrst. Den som kom til ein kvilestad der det sat nokon før, skulle helsa fyrst. Elles var regelen at born og ungdom skulle helsa fyrst.

4. Dei vanlege helsingane var: Gomårn, (godmorgon), godag, gudajen, gokveld, gokvelden. Svara var vanleg med same ordet, eller ofte svara bestemor mi gudajen og, gukvelden og.
Når ein kom til ein plass der folk arbeidde, helsa

9074

ein fyrst med vanleg helsing. Etter ein hadde fått svar, helsa ein: Signe arbeidet! Svaret på dette var vanleg: Jau, takk. Eller ein drog stundom på det og svara: Ja, eg veit mesto ikkje om de å signande. Signe arbeidet er vanleg enno.

Kom ein til ein kvilestad der det sat nokon før, skulle ein etter vanleg helsing, helsa: Signe kvilo. Svaret var då: Takk, å velkommen te.

Signe laget, helsa ein når ein kom i eit lag. Var ein velkomen, var svaret: Takk, å velkommen te. Signe maten var vanleg og er det enno. Svar: Takk.

Desse helsingane var bruka av alle. Elles tykte nok folk det var ikkje naudsynleg at born signa arbeidet, kvila eller laget. Det vart vel helst rekna for veslevokse om dei bruka det.

5. Ein bruka ikkje å ta av huva eller hatten for bygdefolk. Men for presten og andre embetsmenn letta ein på hatten eller huva.

7. Eg veit ikkje om det var kleda som gjorde det, men når kjenningar møttest ved kyrkja
8. eller dei kom i lag til gilde, helsa ein alltid „oppi handa." (handhelsa)
Til kvardags bruka ein ikkje handhelsing. Ein helsa gjerne på dei minste borna og når ein kom på vitjing. Det hende endå at ein berre helsa vanleg helsing på dei andre, men ein gjekk bort og tok veslebarnet i vogga i handa.

9. Ja, det kunne nok henda dei klappa ein annan på aksla, men ein rekna det nok helst for å vera litt for mykje. Ein skulle helst ikkje syna sine kjensler i den grad.

9074

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10. Kan ikkje hugsa noko om det. Vi budde elles så langt frå kyrkja at vi ikkje høyrde kyrkjeklokkene til vanleg.

11. Dei stogga til fylgjet var fare framom. Eg trur eg hugsar eldre karar tok av seg hovudplagget.

12. Kan ikkje hugsa om det.

13. Gomåin kunne ein ikkje helsa etter klokka 9. Så var det goddag til det tok til å mørkna eller om sumaren til arbeidstida var slutt. Sidan var det god kveld og når ein skildest, god natt.

14. Ein såg det usømeleg å nytta ei helsing som ikkje var rett.

15. Eg minnest bestemor mi: Brita O. Rokne, fødd 1844, svara ein som helsa gomåin klokka 10 eller kanskje ved det: Gomåin midt på dajen.

16. Morn til alle tider på døgeret held på å koma utover bygdene og. Men mange eldre held enno på dei gamle helsingane.

17. Signe arbeidet, signe strevet, signe kvila, signe laget, signe maten var vanleg og er enno i bruk.

18. Signe var det vanlege. Om svaret sjå spm. 4.

19. Etter gjesten har helsa ute, helsa han når han kom inn i stova: Goddag her, eller gudajen i stovene.

20. Etter ein hadde snakka med dei som var tilstades, sa ein: Eg skulde ha snakt ut or med deg (Andres) (fornamnet)

Kom ein bort i eit framandt hus, banka ein helst på døra. Elles kunne det nok henda ein gløymde det. No er det vanleg å banka på.

22. Kom inn! eller om det ikkje passa med same, var svaret: Vanta elte! (Elte er truleg forkorting av ørlite eller vossamål: eitlite.) Når det passa, let ein opp døra og bad den som banka, inn.

Han som kom inn, måtte helst lata att døra før han helsa.

23. Han skulle vera ståande til dei bad han setja seg.

24. Det var nok vanleg å ha huva eller hatten på til ein sette seg. Mange hadde hovudplagget på til dei vart bedne til bords.

25. „Du får setja deg nedpå." – „Du får sjå å finna deg ein sess." (krakk) – „Du får sjå å du får sitja."

26. Fantar og tiggarar bad ein ikkje sitja.

27. Ein spurde kvar dei var frå før ein bad dei inn og før ein baud dei sitja.

29. Dei vart handhelsa og bedne velkomne og synte inn i stova.

30. Farvel. Svaret var og farvel

31. a. „Du må leva så vel då." – „Ja, no må du leva vel då." Ein kunne då halda einannan lenger i handa.

b. Ja, no vert det vel siste gongen me møtest. Men no må du leva so vel.

32. Nei.

39. „Skal me byta nos?" var vanleg spursmål når vaksne var komne i kontakt med små born som dei likte med og kanskje opatt med,

9074
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

40. Det kunne vera foreldra, eldre syskin eller andre.

41. Ville ein erta eit born, kunne eit ta nosa åt det. Ein kneip hanne millom peike- og langfingeren, sette tumalfingeren fram millom dei to fingrane og sytte fram nosen til barnet. Etterpå kasta ein nosen bort. Han som tøyst hadde det, ein fekk tak i nosen att og sette han på att.

42. Ein kunne be småborn om å få god tjukke tjå' di.

43. Millom born og vaksne eller millom born. Ikkji millom vaksne.

44. Ved gledelege hendingar og høve.

45. God jol! - Gledeleg jol! Godt nyttår! Godt år! - God påske! God pinse! God kvitsundag! Til lukke med vetlabodnet! - Tillukke med guten din - (gjenta di). Tillukke med forlovelsen! I bryllaup: Tillukke med kona. - Tillukke med skautet. Tillukke med pakta.

46. Ikkje noko fast helsing - eit handtrykk - nokre ord til trøyst - eller nokre minneord om den avlidne. No brukar mange: Signe sorga. - Signe minnet.

48. Ein brukar ikkji å takka offisielt.

50. Ein sa før du til alle utan presten og embetsfolk - og andre „finare folk" Dei sa ein De til.

51. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 9074